

FOTBALLSESONGEN 2013

Samarbeidslag tredje året på rad

Det har vore ein ny flott og innhaldsrik sesong for dei aldersbestemte fotballaga i idrettslaget. Som dei to føregåande åra, har det også i år vore eit suksessfullt samarbeid med Kvamsøy IL. Totalt fire lag har delteke i serie/turneringar og cupar, høvesvis i regi av fotballkretsen og einskilde klubbar.

Starten på fotballsesongen vart offisielt markert med Kick Off-arrangementet i Oshaugane laurdag 20. april. Her vart laga presenterte og det vart spelt showkamp mellom G13-laget og nokre av foreldra deira.

Årets heimeturnering for J10-laget var det Kvamsøy som stod for. Denne vart arrangert søndag 9. juni. Hareid, Hasundgot, Hødd og Moltustranda deltok i tillegg til vertane. Jentene har jamt over gjort det skarpt. Dei har reist på tilsvarende turneringar på Moltustranda og hos Hasundgot på Dimna.

G10 har i sine turneringar spelt mot Gursken, Haddal, Hjørungavåg, Hasundgot, Tjørvåg, Åheim og Gjerdsvika. Ei flott turnering vart også arrangert for desse laga, denne gong i strålande vêr på Oshaugane Stadion laurdag 24. august. Resten av turneringane for desse laga har Gjerdsvika, Hjørungavåg og Haddal vore vertskap for.

Sandsøy/Kvamsøy G13 har bestått av både gutar og jenter. Laget spelte i vårsesongen ni

kampar, og enda på tiande- og ssteplass. Hausten vart resultatmessig ein opptur. Tre singlar av sju moglege (alle desse var heimekampar) gjorde at laget til slutt vart nummer seks av åtte lag på tabellen. Kanskje viktigast var det at Larsnes vart slått 10-1 som revansje etter det forsmedelege eittmålstapet på bortebane i juni.

Helga før heimesigeren mot dei gule naboane, vart same lag også slått under Gursken Cup, då godt spel av Sandsøy/Kvamsøy vart krona med andre plass. Til stades denne søkkvåte søndagen på kunstgrasbana i Gursken var også G/J7, G10 og J 10 som spelte tre kampar kvar.

Litt om senn har altså dei aller yngste også fått spelt kampar. Gutar og jenter i alderen fem til åtte år har utgjort laget G/J7. I tillegg til Gursken Cup, var dei også med i Tare Cup i Sunnmørshallen andre helga i november. Her deltok også G10 og J10.

Alle laga avslutta sesongen med fotballfest på Rosenlund fredag 15. november.



G10-turnering i Oshaugane laurdag 24. august 2013.



Sandsøy/Kvamsøy G13 sesongen 2013.